



Notat

Dato: 07.05.2018
Arkivsak: 2018/141-28
Saksbehandlar: nileide

Til: Utval for miljø og samferdsel
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Delegasjon av myndigheit til å gje løyvefritak for småskala turistverksemd og inn på tunet tenester

Det følgjer av yrkestransportlova § 21 første ledd, jf. yrkestransportforskriften § 23 første ledd, at departementet i forskrift eller i einskildvedtak kan fastsetje unnatak frå krav om løyve for særskilde slag transportar eller motorvogner dersom det ikkje er i strid med internasjonal avtale der Noreg er part.

I rundskriv av 20.11.2017 (rundskriv N-7/2017) har Samferdselsdepartementet i samsvar med yrkestransportlova § 15 delegert myndigheit til å gje løyvefritak for småskala turistverksemd. Unntaket gjeld t.d. guiding, sightseeing og andre opplevingsarrangement der det er naudsynt å tilby persontransport som er ein tilknytt del av arrangementet.

I rundskriv av 17.11.2017 (rundskriv N-8/2017) har Samferdselsdepartementet i samsvar med yrkestransportlova § 15 delegert myndigheit til å gje løyvefritak for "inn på tunet" velferdstenester. Dette er ein teneste der garden er ein arena for utdanning, arbeid, helse og omsorg. Gardane har tilbod innanfor psykisk helse, rus, drop-outs i skulen, demens, arbeidstrening og integreringstiltak. Unntaket gjeld transport av brukarane av velferdstenesta.

For at søkar skal få godkjent unnataket frå løyveplikt må ei rekke objektive krav være oppfylt. Personlig søkar eller dagleg leiar for søkar som er juridisk person må oppfylle kravet til vandel, og ha tilfredsstillande økonomisk evne. Søkar må være faktisk og varig etablert i Noreg, og motorvogna skal være registret på den verksemda eller vere til verksemda sin disposisjon gjennom leige- eller leasingavtale. Førar av køyretøyet må også ha køyresetel. På bakgrunn av desse krava oppretta samferdselsavdelinga eit digitalt søknadsskjema der det vart stilt krav om at følgjande dokumentasjon måtte leggjast ved søknaden: firmaattest, politiattest, attest frå konkursregisteret, skatteattest, garantierklæring frå bank og vognkort for køyretøyet det er søkt fritak om.

For at fylkeskommunen skal godkjenne søknaden må ein vidare gjennomføre eit individuelt skjønn ut frå ei vurdering av om den tenesta som søknaden er basert på kan verte utført ved å nytte eksisterande løyvehavarar til transportdelen. For dispensasjon til småskala turistverksemd er det også eit vilkår at søknaden må sendast på høyring til NHO Transport, Norges Turbileierforbund, Norges Taxiforbund og NHO Reiseliv på regionalt nivå.

Samferdselsavdelinga har fått inn fleire søknader om løyvefritak, og forventar at det vil kome inn fleire. Spørsmålet som har oppstått i samband med desse type søknader er om fylkesrådmannen har delegert kompetanse til å godkjenne desse søknadane, eller om desse må sendast til fylkesutvalet for avgjerse.

Det følgjer av delegasjonsvedtaka (rundskriv N-7/2017 og N-8/2017) at denne mynda er delegert frå Samferdselsdepartementet til fylkeskommunane.

I Hordaland fylkeskommune sitt delegasjonsreglement s. 27 følgjer det at *"Fylkesrådmannen har fullmakt til å tildela løyve for persontransport med motorvogn utanom rute, og gje påbod om at det skal skipast drosjesentralar og ordningar for desse."* Vidare følgjer det også at *"Der forskrifta elles plasserer mynde eller oppgåver til fylkeskommune eller løyvestyresmakt, har fylkesrådmannen fullmakt til å opptre på vegner av fylkeskommunen/løyvestyresmakta."*

Det er på det reine at fylkesrådmannen har mynde til å tildele løyve for persontransport med motorvogn utanom rute. Det er såleis naturleg at fylkesrådmannen også har myndigheit til å fatte vedtak om unnatak frå dette kravet. Vidare følgjer det også av delegasjonsreglementet at fylkesrådmannen skal ha fullmakt til å opptre på vegne av fylkeskommunen der forskrifta plassera mynde til fylkeskommunen/løyvestyresmakta. I dette tilfellet er denne myndigheita i forskrifta plassert hos Samferdselsdepartementet, men departementet har delegert denne myndigheita til fylkeskommunen. Når dette er gjort i samsvar med delegasjonsheimelen i lova, er det naturleg å forstå det slik at dette er myndigheit som etter delegasjonsregelementet er meint å vidaredelegerast til fylkesrådmannen. Ei analogisk tolking av delegasjonsreglementet vil difor tilsei at fylkesrådmannen har myndigheit til å fatte vedtak i desse sakene.

Fylkesrådmannen legg difor til grunn at vi kan fatte vedtak i desse sakene.

Vedlegg

- 1 Rundskriv N-7_2017 - dispensasjon etter yrkestransportloven § 21 – løyvefritak for småskala turistvirksomhet
- 2 Rundskriv N-8_2017 - dispensasjon etter yrkestransportloven § 21 – løyvefritak for transport knyttet til Inn på tunet-ordningen - regjeringen.no